



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 24.02.2015
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 10:30

Ekstraordinært møte som vart avtalt under formannskapsmøte den 17.03.2014

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Knut Moe	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	
Gisle Heimly	SO	Medlem	
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr **Tittel**

017/2015 Godkjenning av innkalling og sakliste

018/2015 Godkjenning av møtebok

019/2015 Orienteringssaker

Notat frå møtet:

017/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

018/2015: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vart ikkje behandla i møtet. Utsett til neste møte.

Vedtak:

019/2015: Orienteringssaker

Behandling:

Folkemøte i Modalen våren 2015

Ordførar innleia til drøftinga og føreslo at det vart arrangerte eit folkemøte med eit "enkelt opplegg" der ein nytta egne krefter til førebuing og gjennomføring.

I møtet bør vi mellom anna få fram:

- Orientering om kva kommunereforma er, og kvifor vert dette drøfta no
- Orientering om kva som er gjort og kva prosess ein ser for seg vidare
- I møtet få fram innspel og meiningar frå innbyggjarane og avklare spørsmål frå dei

I drøftinga under møtet vart følgjande halde fram som viktig for planlegging og gjennomføring:

- Mål for møtet - gje informasjon og førebels "lodde stemninga"
- Informere om staten sitt oppdrag - kva betyr dette for Modalen ?
- Informere om kva som skjer i regionen / våre nabokommunar
- Tema som bør orienterast om
 - * økonomi
 - * lokaldemokrati / representasjon / lokale områdestyre
- Peike på moglege alternativ som kan vurderast i prosessen vidare:
 - *Modalen aleine
 - *Modalen - Vaksdal
 - *Modalen - Lindås / Nordhordland
- Korleis få folk til å koma ? - gje god informasjon i forkant

*plakat, annonse lokalavis, heimesida, flygeblad og at formannskapsmedlemane inviterer folk direkte til møtet

· Heile kommunestyret bør inviterast til å delta

Møte med Vaksdal

Ordførar orienterte om at ordføraren i Vaksdal har inviterte til eit felles møte mellom formanskapa for å drøfte kommunereforma og ulike felles tenestetilbod mellom Vaksdal og Modalen. I møtet vart 17. og 27. mars føreslegne som moglege datoar for felles møte.

Vedtak:

Formannskapet inviterer til eit folkemøte i Modalen den 28.04. 2014 kl 19.00

Møtestad vert lagt til Mobryggja med servering av enkel mat

Ordførar avtalar eit felles møte mellom formanskapa i Vaksdal og Modalen og sender ut innkalling til dette.
